

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Treeiningsundag - 15. juni 2014

Preiketekst: Matt 28, 16-20

Lesetekst I: 5 Mos 6,4-9

Lesetekst II: 1 Pet 2,4-10

Til alle folkeslag

Store ord

Tre bibelske kjernetekstar blir lesne og høyrer nøye saman på treeiningsundagen. Store ord!

- Den jødiske truvedkjenninga (*Schema Jisrael* i 5 Mosebok).
- Dei levande steinane av ikkje-jødar som no har funne miskunn og er Guds folk, slike som apostelen Peter var den første til å døypa (Apg 10)
- Jesus sine avskjedsord på fjellet i Galilea før himmelfarten.

I Matteusevangeliet utgjer desse orda finalen på forteljinga om Jesu liv, utblikket til det som nå skal skje i kyrkja si tid, og oppfylling av løftene i den gamle pakta, til det utvalde folket.

Det universelle målet for det som Gud gjer, starta med utveljing og løfte til Abraham: «*I deg skal alle slekter på jorda velsignast*». Det nådde sitt klimaks med Jesu siste ord: «*Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar*.»

Berre til Israels hus

I Matteusevangeliet er dette sluttakkorden som opnar ei ny tid og tone. I utsendingstalen i Matt 10 avgrensa Jesus utsendinga av apostlane til «dei bortkomne sauene i Israels hus». Dei skulle «ikkje ta vegen til heidningane og samaritanbyane». I møtet med den kanaaneiske kvinna i Matt 15 held Jesus fast på at hans kall og utsending er avgrensa til «dei bortkomne sauene i Israels hus». Møtet endar med at han gjev etter for kvinna si store tru, truleg også for den universelle meininga med korsdøden og misjonsoppdraget til alle folkeslag etter at han hadde stått opp frå dei døde.

På treeiningsundag må me gjerne tenkja, undervisa og undrast over dei store orda og linjene. Det er løftet til Abraham og Israelfolket sitt kall som blir oppfylt, utvida og verkeleggjort i Jesus sine mektige ord på fjellet i Galilea. Han teiknar den store visjonen som hans etterfylgjarar nå skal styra etter:

- Målet: Gjera alle folkeslag til læresveinar
- Midla: Dåp og opplæring, med ein vilje til å kryssa grenser og «gå».
- Mysteriet, drivkrafta, løfta: Jesus har fått all makt. Jesus er med alle dagar. Misjon, dåp og opplæring over alle grenser. Oppdraget pakka inn i Guds løfter.

VM i Brasil

For oss vanlege dødelege kan det store oppdraget sjå skummelt ut. Slik det nok var første gongen i Galilea. 11 mann får oppdraget med å erobra heile verda med evangeliet. Kan me tenkja oss kva dei må ha tenkt og følt? Ulærde var dei, feige hadde dei vist seg, tvil kjende dei på. Dei visste at motstanden ville verta knallhard, også i jødefolket dei skulle gje evangeliet (tilbake) til. Korleis ville folk reagera på dette?

Eit 11-mannslag med alle odds imot seg. I ein ganske annan klasse enn dei andre 11-mannslaga me møter på TV-skjermen no rundt treeiningsdag, dei som vil erobra verda si ære og vinna fotball-VM i Brasil. Dei er drilla for oppgåva med terping på detaljar, videoanalysar og mental trening. Topp organisering, masse spisskompetanse, gode både med og uten ball, rusta til oppgåva med veltrente kroppar, faste arbeidsoppgavar, stort støtteapparat, forventningar til tusen, for ikkje å snakka om sikre bonusavtalar i blikket.

Erobra verda

Det var ikkje noko slikt på fjelltoppen i Galilea. Berre utsyn over verda dei skulle erobra, og realisme om at dei var heilt vanlege, feilande menneske. Men det **valt** dei som erobra verda. Og dei brukte det einaste som kunne nytta: Dei ga vidare det dei sjølve hadde fått. Dei fortalde om det dei hadde sett og høyr, både til sine eigne og alle andre folk. Dei visste svært godt at det var Jesus som hadde fått all makt, ikkje dei. Og det var **Jesus** verda oppdaga, ikkje dei som personar. Det er alltid han som bruker si fullmakt til å skapa tru og liv. Det er slik alle folkeslag og alle slags folk blir gjort til Jesu læresveinar.

Herre, lær oss å gå der du vil.

Salmetips:

Norsk Salmebok 2013:

663 – Herre, du kalte disipler

695 – Rop det ut med hjertets jubel

699 – Hører du den hemmelige sangen

242-243 – Treeiningsalmer for små og store

Stein Ødegård

Sokneprest i Bryne

stein@time-kyrkja.no